

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.12.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Ingrid Stranden Haavik

Referent: Kaia

**Sak 2023/80: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2023/81: Godkjenning av referat frå styremøte 14.11.2023.** Godkjent

**Sak 2023/82: Eigedomar:**

- Halvårleg kontroll av hjartestartar på kulturhuset vart gjennomført 15.11.23 i tråd med gjeldande kontrollprosedyrar (elektrodar og batteri kontrollert). Hjertestarterregister oppdatert.
- Vassmålar i kulturhuset er lest av, forbruk har vore om lag 52 m<sup>3</sup> sist år.

**Sak 2023/83: Tilstellingar:**

- Juletrefest 2. juledag på kulturhuset ved rode 1.
- Planleggingsmøte 2024 for lag og organisasjonar i Herand, dato for møtet vert tysdag 23.01.24. Alle lag og arrangørar oppmodast om å delta, velkommen.
- Seniormiddag på kulturhuset i samarbeid med Jondal Frivilligsentral i veke 07-24, planleggingsmøte med JFS på nyåret.
- Bygdelagsbasaren vert laurdag 24.02.2024 kl 16.00 på kulturhuset. Ajourføring av gevinstliste. Loddbok ligg på butikken. Takk for bidrag!

**Sak 2023/84: Økonomi:**

- Støtte på kr 200.000 til asfaltering av plassen er motteke frå Sparebankstiftinga Hardanger, *tusen takk!*
- Støtte på kr 200.000 til asfaltering av plassen er motteke frå Ullensvang kommune, *tusen takk!*
- Restutbetaling frå Sparebankstiftinga Hardanger frå vår-22 kr. 46 858,- som er brukt til varmpumpe i gymsal er utbetalt, *tusen takk!*
- Kasserer har sendt søknad på ordinær MVA kompensasjon for 2023, svar ventas ila desember.

**Sak 2023/85: Andre saker/eventuelt:**

- Frivilligsentralane i Odda, Kinsarvik og Jondal inviterer til folkemøte og dialogkafè om frivillig- og samspelsstrategien som skal lagast for Ullensvang i nært samspel med frivillig sektor. Arbeidsutvalet i HB deltok på møtet i Jondal 11.12.2023. Strategien kjem etter kvart ut på høyring.
- Fordeling av ansvar for utdeling av bladabonnement og blomehelsing til nye innflyttarar før jul. Det skal delast ut 8 velkomsthelsingar, *velkommen til Herand til alle de ny tilflytta!*
- HB har fått eit innspel om den stadig aukande turismen i bygda. Det vert no gjort tiltak som vil føre til ytterleg auke i åra framover. Bør det gjerast nokre tiltak/lagast ein plan for å førebu Herand på ein auke i turismen dei kommande åra? Kor stor auke i turisme vil Hardangertrappa føre med seg? Kva bør vere

klart mtp ymse infrastruktur som parkering/toalett/stiar/vegar/skilting mm rundt bygda? HB tek i fyrst omgang saka til prosjektgruppa for Hardangertrappa. HB ynskjer alle god jul og godt nytt år.

**Neste styremøte tysdag 09.01.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**